Kvam herad

Lekser i Kvammaskulen

KVAM UNGDOMSRÅD




Foto: Annie Spratt - Unsplash

09.04.25

Kvam herad

Bakgrunn

Denne rapporten er eit resultat av ei undersøking som har vorte gjennomført blant alle elevar og tilsette i Kvam Herad i ein tidsperiode mellom 13.03.25 fram til 07.04.25. Grunnlaget for gjennomføring av denne undersøkinga er at Kvam Ungdomsråd over lengre tid har fått inn meldingar og forslag om at me må sjå på leksestrukturen i Kvam Herad og at den forma for lekser som me har i dag ikkje er eit effektivt verkemiddel for læring blant elevar. Gjennom denne undersøkinga har det blitt stilt spørsmål som går på; kor lang tid elevar bruker på lekser, kor mykje innsats som ligg i leksene, kva leksestrukturar som kan passe best m.m.

*Undersøkinga har blitt sendt ut til alle elevar og tilsette ved Kvam Herad sine skular, det er totalt **530** deltakarar som har svart på undersøkingane og kvar målgruppe har fått tildelt kvar sin undersøking der det er gjort små endringar basert på kva som er relevant for målgruppa, undersøkingane er delt inn som følgjande 1-2. trinn, 3-4. trinn, 5-7. trinn, 8-10. trinn og lærar. Ved å gå så bredt ut sikrar me at flest mogleg har moglegheit til å svare på undersøkinga og ein sikrar at alle sider av saken har moglegheit til å bli representert. Nokre spørsmål er identiske på tvers av undersøkingane og i slike tilfelle kan fleire målgrupper bli samla til ein framstilling, alle framstillingar vil vere merket med kva for målgruppe resultatet er henta ifrå.*

Personvern: Grunna personvern er denne undersøkinga gjennomført anonymt og einaste informasjon som er henta inn om innsendar er kva for trinn vedkommandes underviser eller er elev i. Grunna personvern vil ikkje resultat ifrå 1-2. trinn visast for seg sjølv grunna for lite deltakarar, resultata frå 1-2. kan brukast i samanslåingar med andre målgrupper.

Alle som har deltatt på undersøkinga har godtatt følgjande:

"Denne undersøkinga er anonym! Undersøkinga er gjennomført på vegne av Kvam Ungdomsråd. All data som vert oppgjeven her vil bli offentleggjort. Gjennom undersøkinga skal du svare på spørsmål som omhandlar dine meiningar om lekser i Kvammaskulen. Undersøkinga vert gjennomført anonymt, og det er difor viktig at du ikkje oppgir namn eller kontaktinformasjon på nokon av spørsmåla. Ved å trykke på «Send» godtar du følgjande:

Mine svar kan nyttast og distribuerast fritt av Kvam Ungdomsråd.

Ingen svar vil innehalde namn på meg sjølv eller andre.

Kvam Ungdomsråd tar forbehald om eventuelle skrivefeil

"

Kvam herad

Resultat

Resultata av undersøkingane vil visast grafisk og ved hjelp av tekst, dersom du ynskjer ei full oversikt over kva spørsmål som har blitt stilt kan dette finnes lenger nede på sida

Antall svar per målgruppe


Lærar	1-2. trinn	3-4. trinn	5-7. trinn	8-10. trinn
68	12	61	179	210


Total: 530

Barneskule elevar bruker i snitt ca 1,9 timar på lekser i løpet av ei veke

Ungdomsskule elevar bruker i snitt 2,7 timar på lekser i løpet av ei veke


Prosentdel elevar som meiner at lekser går utover fritida:






79,4% av Tilsette trur lekser går utover fritida til elevar

«Eg synst lekser er unødvendig. og eg føler ikkje eg lærer noko av det» - Elev



Kvam herad


Prosentdel som er for eller mot dagens leksestruktur i «kvammaskulen»



1-4 trinn fekk spørsmålet er du for eller mot lekser, spørsmåla er vurdert så like at dei kan slåast saman til ein grafikk

70,6% av tilsette meiner at lekser hjelper elevar å lære

«Eg synst lekser går utover fritida mi, eg vil gjere andre ting som å vere med venner og gå på fritidsaktivitetar. Det er nok att me må øve til prøva og jobba med skuleoppgåver heime og ikkje lekser i tilleg» - Elev




«Viktig at elevane får ei viss mengdetrening i t.d. lesing, men dette kan verta løyst på andre måtar.» - Lærar

92,7% av tilsette meiner at det er unødigt med lekser i alle fag.


0% meiner at lekser i alle fag er naudsynt, 7,3% av tilsette trykka på nøytral

Kvam herad

Eg synest at lekser er eit utdatert konsept – lærar




Eg synest at lekser er eit utdatert konsept – elev (8-10)




Eg opplever at lekser er tilpassa til mitt faglige nivå


3-4. trinn



5-7. trinn




8-10. trinn



«Eg syntest lekser er unødvendig. Mangen kopierere berre andre eller berre søker opp svara uansett» - elev (8-10)

Kvam herad

Fordeling av tilsette som meiner at lekser gjere at dei får mindre tid til oppfølging av elevar



12,9% av elevar på ungdomsskulen gjer ikkje lekser


«Lekser er ei bra ordning for elevar i ressurssterke heimar, der får dei hjelp og støtte og skilnadane vert endå større.» - Lærar


Tilsette som rettar lekser bruker i snitt litt under 1,5 timar på dette i løpet av ei veke

57,4% av tilsette føler at det er store forskjellar mellom korleis dagens leksepolitikk blir utøvd frå lærar til lærar

Kvam herad

Kva klassetrinn tykkjer du at kan ha best effekt av lekser






Her var det mogleg å trykke på fleire derav høgare tal enn andre stader i undersøkinga


«lekser er waste off fritida vår, 5 timer skule så lekser, hjemme skal være en skolefri plass» - Elev (8-10. trinn)

Eg synest at LekseFRI kunne vert ei god ordning

Tilsette



Elevar (5-10.trinn)




«det tar lang tid og det er vansklig» - elev (5-7. trinn)


Kvam herad

Eg opplever ofte at eg treng hjelp med lekser heime


3-4. Trinn



5-7. Trinn



8-10. Trinn





«mamma og pappa kommer heim seint so eg får ikkje so masse hjelp til lekser heime, men det er bra at me har leksehjelp noken plasser» - Elev (5-7)


50% av tilsette som også er foreldre synest det er krevjandes når elevane kjem heim med lekser som dei treng hjelp med

Kvam herad


Dei vaksne heime forventar at eg gjer leksene mine








Eg bryr meg ikkje om eg får melding med heim/ merknad dersom eg ikkje gjer leksene mine.







Kvam herad


«Det er svært viktig å behalde leselekser for at elevane skal utvikle den naudsynte lesekompetansen som krevst.» – Lærar


Eg opplever at lærarane mine har ganske lik oppfatning av lekser



Lekser hjelper oss å lære








Kvam herad

Lekser gjere at me får mindre tid til annet skulearbeid*

**Annet skulearbeid vil seie prøver, framføringar m.m.*




«Eg har lyst å ha lekse-Fri men..... Eg er ikkje so smart so eg føle at eg må ha lekser alikavell, sånn at eg ikkje blir endå domare.» – Elev


«lekser drukner min energi. eg allerede er trøt fra skulen, og så må eg gjere lekser?? det er slitsom. eg får ikkje vere med venner så mye lengre.» – Elev (5-7. trinn)


Når ein spør tilsette kva som ville vere den beste løysninga svarar 40% at «leselekser (evt. Leseforståing) ville vere det beste alternativet)

Når ein spør elevar (5-10. Trinn) kva som ville vere den beste løysninga svarar 80% at lekseFRI ville vere den beste løysinga

Eg opplever at leksene mine er basert på det samme som me jobbar med på skulen







«Lærarane gir oss lekser som me ikkje har gått gjennom, det gjer at det blir vanskeleg å gjere leksene.» Elev – (

«Eg synst lekser er unødvendig. og eg føler ikkje eg lærer noko av det.» - Elev (8-10.)